

Klart for helselagsbasar på søndag.

05.04.2016



Helselagsbasaren er alltid godt besøkt. Dette biletet er frå basaren i fjar.

**Søndag er det klart for ein av dei verkeleg tradisjonsrike basarane i Uskedalen. Helselagsbasaren er eit like sikkert vårteikn som at dagane vert lengre og lysare, at fuglesongen aukar på og at blomstrar i alle fargar spirer og pyntar opp. I fleire dagar har dei allereie hatt førehandssal på loddbøkene på Spar.**

Basaren vert i Helgheim søndag 10.april kl.16. Det vert som vanleg ein basar av det gode, gamle slaget med treårar, kaffi, kaker og alt som høyrer til. Som alltid har dei ei rikhaldig gevinstliste på bøkene, som viser at dei har fått mange flotte gåver. Lagsmedlemmene vert heilt sikkert også glade om nokre ønskjer å gje åregevinstar til basaren.

Helselaget gjer eit svært godt arbeid til støtte for helsebringande tiltak, mange av dei er lokale, og her i bygda har dei kvart år støtta tiltak som set fokus på helseførebyggjande arbeid blant born og unge.

Gledeleg er det også å sjå at det har vore bra reruttering til arbeidet i Uskedal helselag. Dei siste åra har det kome til ein del yngre, aktive damer.

Alle som vil støtta dette gode arbeidet, kan t.d. gjera det ved å gå på basaren 10.april kl.16 i Helgheim. Då er dei garantert ei trivleg ettermiddagstund denne søndagen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen